

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016**

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til forslaget til ei ny insentivordning, og er overtydd om at denne vil ha ein positiv effekt for å styrke filmfeltet på Vestlandet.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at budsjettgrensa på 25 millionar for spelefilmar og 10 millionar for dokumentarfilm er så høg at den vil ekskludere mange prosjekt initierte frå norske filmmiljø. Hordaland fylkeskommune vil derfor oppmode departementet om å revurdere budsjettgrensene i forskrifta.